

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

**KURS FOR STEMMESTYRE, VALSTYRE,  
VALFUNKSJONÆRARAR M.FL.**

Versjon 1.1

# TEMA

- Opningstider og stemmestader
- Hemmeleg val
- Nøytralitet
- Innreiing av vallokalet
- Stemmerett og valbarhet
- Rettleiing i prosedyren for stemmegiving
- Førehandsstemmeperioden
- Valting
- Handsaming av stemmesetlar i særskilt omslag
- Godkjenning av stemmegivingar og stemmesetlar
- Handsaming av klager
- Foreløpig oppteljing
- Endeleg oppteljing
- Mandatfordeling og valoppgjær
- Rapportering av oppteljing
- Vidaresending og oppbevaring av stemmesetlar
- Kunngjeringar
- Sjekklistar



# KVIFOR ER OPPLÆRING VIKTIG?

- Valmedarbeidarane er «valets ansikt»
- Lik forståing og lik handsaming av alle veljarar
- Minske faren for feil og misforståingar



# FORMÅLET MED KURSET

Gjennom...

- Å gi ein introduksjon til breidda av Kyrkjevalet
- Å fremje tryggleik på dei viktigaste oppgåvene (mottak av stemmer, oppteljing, mv)
- Å utruste til effektiv bruk av valhandboka ved «alle dei andre» oppgåvene

... skal vi oppnå målet om

- At medlemmane av Den norske kyrkja ved frie og hemmelege val skal kunne velje sine representantar til sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet

# NAMN OG OMGREP

- **Valting:** Valdagane, til forskjell frå førehandsstemmeperioden
- **Stemmestyre:** Utnemnd av valstyret når valting skal haldast på fleire stader. Styrer stemmegivinga på kvar stad.
- **Valstyre:** Soknerådet utgjer valstyret. Ansvarleg for førebuing og leiing av valet.
- **Valråd:** Utnemnd av bispedømerådet. Valorgan for ein del spørsmål i samband med val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet.
- **Manntal:** Oversikt over alle i soknet som har stemmerett
- **Stemmekrins:** Geografisk inndeling i soknet som avgjer kor ein skal stemme på valtinget
- **Stemmegiving:** Når ein veljar gjev ei stemme
- **Fleirtalsval:** Valordning som nyttast der det berre er ei liste i valet
- **Forholdstalsval:** Valordning som nyttast når det er to eller fleire lister i valet
- **MR/SR:** Sokneråd (Bokmål: Menighetsråd). **BDR:** Bispedømeråd

# OPNINGSTIDER OG VALLOKALAR - FØREHANDSSTEMMING

## **Førehandsstemmeperioden:**

10. august til 6. september (til 2. september for å gjeve stemme i anna sokn)

## **Tid og stad for førehandsstemming:**

Minimum: På minst eitt kyrkjekontor i fellesrådsområdet i ordinær opningstid (altså i heile den ordinære opningstida)

## Ideelt:

- I kvart sokn
- På dag- og kveldstid
- På dei institusjonane som geografisk høyrer til soknet
- På sentrale møteplassar for unge i regi av kyrkjelyden
- I samband med gudstenester

Krav: Det **må** alltid vere minst to stemmemottakarar til stades på kvart lokale.

# OPNINGSTIDER OG VALLOKALE - VALTING

## **Valdagar:**

(8. og) 9. september

## **Tid og stad:**

- Skal være i lokale tett attmed val til fylkesting og kommunestyre
- Skal ha same opningstider og -dagar som i fylkestings- og kommunestyreval i kommunen
- Stemmegiving i samband med gudsteneste 8. september kan gjerast som del av valtinget

# FRIE OG HEMMELEGE VAL

- Mål: Veljaren skal kunne stemme i tråd med sin overttyding
- Middel:
  - Forbod mot agitasjon
  - Nøytrale valfunksjonærer
  - Veljaren gjer sitt val «usett og i einerom»
  - Reglar som pålegg hemmeleghald



# NØYTRALITET I PRAKSIS

- Valfunksjonærar kan berre rettleie i valtekniske spørsmål, altså ikkje:
  - Kva personar eller lister står for
  - Kva veljaren bør stemme på
  - Kva valfunksjonæren sjølv meiner eller stemmer
- Valfunksjonæren skal:
  - Svare på spørsmål om valprosessen
  - Rettleie i kva endringar veljaren kan gjere på stemmesetelen

# RETTLEIING AV VELJARAR

- Dette skal veljaren gjere:
  - Veljaren skal usett og i einerom (i stemmeavlukke, bak skillevegg, i eige rom e.l.) velje ei liste for kvart av vala og brette lista. Veljaren kan også velje å stemme i berre eitt av vala.
  - Veljaren kjem så til stemmemottakar, identifiserer seg og får eventuell vidare rettleiing her.
  - Om stemmegivinga kan godkjennast, skal stemmesetlane stemplast av stemmemottakaren.
  - Veljaren legg sjølv dei stempla stemmesetlane i urna.

# ENDRINGAR PÅ STEMMESETELEN

- Veljaren kan gi ei ekstra personstemme til inntil tre av kandidatane på lista ved å sette eit merke ved namnet til kandidaten.
- Veljaren kan ved fleirtalsval skrive inn inntil tre andre valbare kandidatar. Desse får ei personstemme kvar. Dette gjeld berre ved val av sokneråd.
- Veljaren kan ved forholdstalsval gi inntil tre «slengarar» til kandidatar frå ei anna liste ved å føre opp namnet i eit eige felt. Då får kvar kandidat ei personstemme og lista gjev ei listestemme per slengar til vedkommande liste.
- Andre endringar tel ikkje med ved valoppgjeret.

# STEMMERETT

- Ved val av sokneråd: Stemmerett har alle som
  - vil ha fylt 15 år i løpet av året,
  - er medlem av Den norske kyrkja, og
  - bur i soknet
- Ved val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet: Stemmerett har alle som
  - vil ha fylt 15 år i løpet av året,
  - er medlem av Den norske kyrkja,
  - bur i soknet, og
  - ikkje har stemmerett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett

# KVEN SOM KAN VELJAST

- Ved val av sokneråd: Valbar er alle som
  - har stemmerett ved val av sokneråd, og
  - vil ha fylt 18 år i løpet av året
- Ved valg av bispedømeråd og Kyrkjemøtet: Valbar er alle som
  - har stemmerett ved val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet,
  - vil ha fylt 18 år i løpet av året,
  - ikke er tilsett ved bispedømekontor i ei stilling på over 15 timar i veka, og
  - ikkje er tilsett i Kyrkjerådet



# LEGITIMASJON

- Eksempel på gyldig legitimasjon:
  - Pass
  - Førarkort
  - Bankkort m/bilete
  - Andre ID-kort må minst innehalde namnet på veljaren, fødselsdato og bilete
- Viss veljaren ikkje kan legitimere seg, og ikkje er kjend for stemmemottakaren, kan ikkje vedkommande stemme

# MOTTAK AV FØREHANDSSTEMMER: VELJAR SOM ER I MANNTALET I SOKNET

- Veljaren skal usett og i einerom ha bretta saman stemmesetlane før han eller ho går til stemmemottakaren.
- Veljaren skal legitimere seg om han eller ho ikkje allereie er kjend for stemmemottakaren.
- Stemmesetlane stemplast, og veljaren legg dei sjølv i kvar sin stemmesetelkonvolutt: Farga for val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet, og kvit for val av sokneråd.
- Stemmemottakaren legg stemmesetelkonvoluttane og valkortet i omslagskonvolutt.
  - Om veljaren ikkje har med valkortet, skal veljaren påføre namn, fødselsdato og adresse på omslagskonvolutten.
- Stemmemottakar skriv på tid og stad for stemmegivinga på omslagskonvolutten og skriv under på den.
- Stemmemottakaren skriv inn mottatt stemmegiving i soknet på et eige skjema.
- Veljaren legg sjølv omslagskonvolutten i urna.

# MOTTAK AV FØREHANDSSTEMMER: VELJAR SOM ER I MANNTALET I ANNA SOKN

- Om veljaren ikkje har med stemmesetlar frå riktig sokn/bispedøme, kan dette skrivast ut frå kyrkjevalet.no. Blanke ark kan også nyttast, sjå valhandboka.
- Veljaren skal usett og i einerom ha bretta saman stemmesetlane før før han eller ho går til stemmemottakaren.
- Veljaren skal legitimere seg om han eller ho ikkje allereie er kjend for stemmemottakaren
- Stemmesetlane skal stemplast, og veljaren legg dei sjølv i kvar sin stemmesetelkonvolutt: Farga for val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet, og kvit for val av sokneråd
- Stemmemottakaren legg stemmesetelkonvoluttane og valkortet i omslagskonvolutt.
  - Om veljaren ikkje har med valkortet, skal veljaren påføre namn, fødselsdato og adresse på omslagskonvolutten.
- Stemmemottakar skriv på tid og stad for stemmegivinga på omslagskonvolutten og skriv under på den.
- Stemmemottakaren skriv inn mottatt stemmegiving til anna sokn på eit eige skjema.
- Stemmegivinga skal sendast så raskt som mogleg til riktig sokn i sendingskonvolutt.



# OPNING AV VALTINGET

Stemmestyreleiar opnar valtinget presis på det kunngjorde tidspunktet for opning på (søndag 8. og) måndag 9. september og avsluttar valtinget på (søndag og) måndag.

## Opningserklæring:

*”Med dette erklærer eg valtinget i .....  
stemmekrets i ... sokn ved kyrkjevalet 2019 for opna.  
Stemmegivinga kan ta til.”*

# MOTTAK AV STEMMER PÅ VALTING

- Veljaren skal usett og i einerom ha bretta saman stemmesetlane før han eller ho går til stemmemottakaren.
- Veljaren skal legitimere seg om han eller ho ikkje allereie er kjend for stemmemottakaren
- Stemmemottakaren finn veljaren i manntalet og kryssar av.
  - Om veljaren har markering i manntalet på at han eller ho har stemmerett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett, skal veljaren berre levere stemmesetel for val til sokneråd.
  - Om veljaren ikkje står i manntalet, sjå valhandboka kapittel 8.8.4.
- Stemmesetlane skal stemplast.
- Veljaren legg sjølv stemmesetlane i urna.



# STEMMEAVLUKKA MÅ SJEKKAST JAMLEG

- Sjekk at det er:
  - Stemmesetlar til alle lister
  - Stemmesetlane ligg på riktig stad
  - Pennar i alle avlukka
  - Fjern alt som ikkje høyrer til i avlukka

# FORBOD MOT VALAGITASJON

- Kva er valagitasjon?
  - Meiningsytringar for eller mot
    - systemet (mellom anna det kyrkjelege demokratiet og valsystemet)
    - nomineringsgrupper og lister
    - oppfatningar eller personar
- Det er forbode å agitere i sjølve vallokalet under både førehandsstemmeperioden og på valtinget
- På valtinget er det dessutan forbode å agitere i rom veljaren må passere for å komme til vallokalet
- Forbodet dekker også spørreundersøkingar, kontroll med kven som møter opp, innsyn i forbruket av stemmesetlar m.m.
- Leiaren av stemmestyret kan bortvise personar som bryt desse reglane eller som på anna måte forstyrrar den naudsynte ro og orden i vallokalet. Om desse kjem tilbake utan å drive valagitasjon skal dei få avlegge stemme som normalt.



# VAL TIL DØVEKYRKJA SINE ORGAN

- Valg av døves sokneråd og døvekyrkjelydanes representant i Oslo bispedømmeråd er også ein del av kyrkjevalet
- Ein kan stemme i desse vala på valtinget
- Sokn som har medlemmer av døvekyrkja får tilsendt informasjon om desse vala.



# STENGING AV VALTINGET

## *Ved stengetid:*

Sørg for at lokalet blir stengt til riktig tid (kunngjort tidspunkt).  
Vallokalet må ikkje stengast/låsast på noko anna tidspunkt.

## *Kø ved stengetid:*

- Er det kø rett før vallokalet skal stengast, bør ein valfunksjonær–  
gjernerne i refleksvest eller anna kjennemerke – stille seg sist i køen  
presis på tidspunktet for stenginga. Dei som står før  
valfunksjonæren i køen får høve til å stemme. Veljarar som kjem  
etter stengingstidspunktet skal forklarast at vallokalet er stengt for  
dagen.



# PRØVING AV STEMMEGIVINGAR OG STEMMESETLAR

- **Prøving av stemmegiving** = prøving av valhandlinga eller måten veljaren har gitt stemma si, og om dei regelfesta krava til veljaren er oppfylt. Har for eksempel veljaren stemmerett?
- **Prøving av stemmesetel** = prøving av sjølve stemmesetelen. Er for eksempel stemmesetelen merka med eit offisielt stempel?

# PRØVING AV STEMMEGIVINGAR

## FØREHANDSSTEMMEGIVINGAR

- Førehandsstemmegivingar skal så langt det er mogleg prøvast før valtinget tar til
- Ei førehandsstemmegiving skal godkjennast om
  - a. veljaren er innført i manntalet i soknet,
  - b. stemmegivinga inneheld tilstrekkelege opplysningar til å fastslå kven veljaren er,
  - c. stemmegivinga er gitt til rett tid,
  - d. stemmegivinga er levert til rett stemmemottakar,
  - e. omslagskonvolutten ikkje er opna eller forsøkt opna,
  - f. veljaren ikkje allereie har gitt godkjent stemmegiving og
  - g. stemmegivinga er komen inn til valstyret innan kl. 21 på valdagen.
- Stemmegivinga er godkjent når vedkommande er kryssa av i manntalet.
- Om ikkje alle sju vilkåra er oppfylt skal stemmegivinga forkastast. Dette skal rapporterast i valmodulen.



# PRØVING AV STEMMEGIVINGAR VALTING

- Stemmegivingar som ligg i særskilt omslag skal vurderast før endeleg oppteljing
  - Der veljaren ikkje står i manntalet
  - Der veljaren allereie står som avkryssa i manntalet
  - Der veljaren står i manntalet, men er oppført utan stemmerett i det aktuelle valet (gjeld berre BDR)
- Stemmegivinga skal godkjennast dersom:
  - a. veljaren er innført i manntalet i soknet,
  - b. veljaren har fått anledning til å gi stemme, og
  - c. veljaren ikkje allereie har gitt godkjent stemmegiving
- Stemmegivinga er godkjent når veljaren er kryssa av i manntalet.
- Viss ikkje alle tre vilkåra er oppfylt skal stemmegivinga forkastast. Dette rapporterast i valmodulen.

# PRØVING AV STEMMESETLAR

- Stemmesetelen skal godkjennast dersom:
  - a. den har offisielt stempel,
  - b. det går fram kva val stemmesetelen gjeld,
  - c. det går fram kva liste veljaren har stemt på og
  - d. gruppa stiller liste i valkrinsen. Stemmeseddel berekna på ein annan valkrins kan berre godkjennast dersom den gjeld ei registrert nomineringsgruppe.
- Det er altså ikkje naudsynt for at stemmesetelen skal kunne godkjennast at papiret er i riktig farge, at utforminga er lik som dei utlagde stemmesetlane mv.
- Heller ikke at det er mogleg å identifisere kven som har stemt, er eit hinder for at stemmesetelen kan godkjennast.
- Om ikke alle fire vilkåra er oppfylt skal stemmesetelen forkastast.

# PRINSIPP FOR OPPTELJINGA

- Valstyret er ansvarleg for oppteljing av stemmesetlar til soknerådsvalet. Dei skal også gjera foreløpig oppteljing for val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.
- Oppteljinga skal gjerast av dei personane og på den måten valstyret og valrådet har bestemt.
- Det er viktig med korrekt oppteljing – vala skal alltid teljast opp i to omgangar.

# SPERREGRENSE

- Berre Nominasjonskomiteens liste har sperregrense
- For at rekkefølga på lista skal endrast ved kandidatføringa, må kvar kandidat oppnå eit personleg stemmetal som er minst 5 % av stemmetalet til lista. Alle andre rangerast etter rekkefølga på vallista.
- Eksempel:
  - Viss Nominasjonskomiteens liste får 100 stemmer, må den einskilde kandidat få minst 5 personstemmer ved å få tilleggsstemme (kumulering) eller «slengarar» for å rangerast høgare.

# FORELØPIG OPPTELJING

- Skal skje etter handsaming av valtingsstemmer gitt i anna sokn og førehandsstemmer. Desse skal telast saman med valtingsstemmene.
- Skal skje så snart som mogleg etter at valtinget er lukka
- Stemmesetlar til **soknerådsvalet** som det er tvil om kan godkjennast, skal leggjast til side og haldast utanfor oppteljinga.
- Tel **kor mange stemmesetlar** som er gitt til kvar liste.
- Tel også **talet retta og uretta stemmesetlar** som er gitt til kvar liste.
- Stemmesetlar til **val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet** som det er tvil om kan godkjennast, skal teljast for seg.
- Ved soknerådsval med ei liste skal også personstemmer teljast:
  1. Kvar kandidat skal få ei stemme per uretta stemmesetel.
  2. Ved oppteljinga av dei retta stemmesetlane skal alle endringar veljarane har gjort på stemmesetlane registrerast. Kandidatar som har fått tilleggsstemmer, får to stemmer kvar. Dersom det er gitt tilleggsstemme til fleire enn tre kandidatar, skal ein berre ta omsyn til dei tre øvste tilleggsstemmene.
  3. Tilføydde namn får ei stemme kvar. Dersom det er tilføydd meir enn tre namn, tar ein berre omsyn til dei tre øvste namna.
  4. Andre kandidatar får ei stemme kvar. Det tas ikkje omsyn til strykingar.
- Dei foreløpige resultatata skal førast inn i valmodulen i medlemsregisteret.

# ENDELEG OPPTELJING: SOKNERÅDSVAL

- Skjer straks den foreløpige oppteljinga er avslutta og alle stemmene har kome til valstyret. Den endelege oppteljinga skal gjerast under tilsyn av valstyret.
- Stemmesetlane frå den foreløpige oppteljinga skal teljast på nytt. Valstyret avgjer om stemmesetlar som ikkje vart tatt med i den foreløpige oppteljinga, skal godkjennast. Godkjente stemmesetlar blant desse skal teljast saman med dei andre stemmesetlane.
- Dersom soknerådsvalet vert gjennomført som fleirtalsval, skal ein følge tilsvarande prosedyre for oppteljing som foreløpig oppteljing.
- Dersom soknerådsvalet vert gjennomført som forholdstalsval, vil soknet få tilbod om ekstra rettleiing i samband med dette. Då skal følgande prosedyre nyttast:
  - i. Først skal personstemmer tilsvarande fjerde ledd bokstav e teljast.
  - ii. Så finn valstyret dei einskilde listene sine endelege listestemmetal. Kvar stemmesetel gjev like mange listestemmer som det skal veljast medlemmer til soknerådet. Talet skal korrigerast for listestemmer gitt til og motteke frå andre lister.

# KLAGERETT

- Biskopen og alle som har stemmerett, har klagerett. Dette gjeld både for valet av sokneråd og valet av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Gjeld klagen spørsmål om stemmerett eller tilgangen til å stemme, har også dei som ikkje er i manntalet, klagerett.

# KVA KAN DET KLAGAST OVER?

- «Forhold i forbindelse med førebuinga og gjennomføringa» av valet.
- Nesten alle forhold.
- Må knytte seg til førebuinga og/eller gjennomføringa av valet.



# KLAGAR I KYRKJEVALET 2015

Tabell 36 Hva dekker klagen og bekymringene?

Klageårsak	Formelle klager	Bekymringer/ tilbakemeldinger	Totalt
Ikke hemmelig valg	20	18	38
Valgagitasjon	12	3	15
Muligheter for valgfusk	3	0	3
Ikke bedt om legitimasjon	4	0	4
Kø i valglokalet	0	4	4
Forvirring om listenavn	2	0	2
Div. forhold bare nevnt i en klage	12	0	12
Totalt	53	25	78

Kilde: Kirkerådet

*Polarisering og kontinuitet. En analyse av kirkevalget 2015. KIFO-rapport 2016: 1*



§§ 4-4, 4-5,  
15-1, 15-2

# KVEN ER KLAGEINSTANS?

- Val til sokneråd: bispedømerådet
- Val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet: Kyrkjerådet
- Gjeld klagen forhold av betydning for begge val, reknast den for å gjelde begge og kan handsamast enten av bispedømerådet som klageinstans eller av Kyrkjerådet.



# KLAGEFRISTAR

**13. mai 2019:** Klagefrist over vedtak om godkjenning eller forkasting av listeforslag (sju dagar etter offentleggjering)

**14. juni 2019:** Klagefrist over vedtak om godkjenning eller forkasting av forslag til supplerande nominasjon (sju dagar etter offentleggjering)

**16. september 2019:** Hovudklagefristen (sju dagar etter valdagen)

**Seinast 26. september 2019:** Klagefrist over valoppgjeret (sju dagar etter valoppgjeret er godkjent)

# SAKSHANDSAMING KLAGE PÅ SOKNERÅDSVAL

- Skal settast fram for valstyret i soknet
- Klagesaker hastar. Straks etter at ei klage er mottatt, det vil seie før valstyret har handsama klaga, skal kopi av klaga sendast til klageinstansen.
- Valstyret skal prøve saka og vurderer om klagaren skal få medhald.
- Hvis klagaren ikkje får medhald eller feil ikkje kan rettast, skal saka sendast til bispedømmerådet.

# SAKSHANDSAMING KLAGE PÅ BDR/KM-VAL

- Skal settast fram for valstyret i soknet, valrådet i bispedømet eller Kyrkjerådet
- Valrådet i bispedømet vil normalt be om uttale frå valstyret i soknet om dei faktiske forholda

# FORMKRAV

- Krav til klaga
  - Skriftleg (e-post eller på papir)
  - Det bør framgå at det er ei klage
- Krav til klagesak som vert vidaresendt
  - Kopi av klaga
  - Har klagar klagerett?
  - Er klaga sendt inn før fristen?
  - Er det gjort feil?
  - Kan ein anta at feilen har påverka valresultatet? Er det mogleg å rette feilen?



# LYKKE TIL!

Oppgåvene i samband med førebuinga og gjennomføringa av kyrkjevalet er ei viktig føresetnad for det kyrkjelege demokratiet!

Takk for at du stiller opp!